

Sula FrP sine kandidatar til Kommunevalet 2023

1. Bendik Valseith Havnegjerde	1983	Langevåg
2. Øystein Båtnes	1967	Langevåg
3. Natalia Øvstegård	1980	Langevåg
4. Martin N. Skår	1988	Fiskarstrand
5. Kjell Petter Dyb	1968	Mauseidvåg
6. Leander Sjøstad Tranvåg	2001	Fiskarstrand
7. Ronny Blomvik	1965	Mauseidvåg
8. Alexander Rudi Sunde	1974	Eidsnes
9. Mariann Stadsnes Fiskerstrand	1965	Fiskarstrand
10. Torstein Støylen	1948	Langevåg
11. Kamilla Stadsnes	1971	Langevåg
12. Geir-Arne Aamås	1966	Langevåg
13. Bjørn Kristian Blomvik Eikrem	1979	Langevåg
14. Lars Ljøen	1969	Langevåg
15. Tom Pedersen	1973	Langevåg
16. Jarle Øvstegård	1975	Langevåg
17. Aslak Havnegjerde	1948	Langevåg
18. Morten E. S. Skår	1990	Fiskarstrand
19. Sissel Andersen	1970	Mauseidvåg
20. Henry A. Strifeldt	1957	Eidsnes
21. Jens Arne Vik	1972	Langevåg
22. Snorre Hugo Strandman	1959	Fiskarstrand
23. Erik Amundsgård	1955	Langevåg
24. Per Einar Vegsund	1951	Fiskarstrand
25. Ragnhild J. Vegsund	1954	Fiskarstrand

Bruk stemma di.

Godt Val!



GI STEMMA DI TIL SULA FRP !




Øystein Båtnes Natalia Øvstegård Bendik Valseith Havnegjerde

Her er hovedpunkta i sakene vi vil kjempe for å få til i Sula dei neste åra. Er du samd med oss, og skal vi få fleirtal for dette i kommunestyret, så treng Sula FrP nettopp stemma DI for å klare det.




Vi kjempar for lågare kommunale skattar og avgifter!



Eldrebløga krev fleire og betre omsorgsplassar og senior bustadar.



Heimen din skal ikkje vere eit skatteobjekt. Nei til eigedomsskatt!



Trygg oppvekst!
· Fritt val av barnehageplass.
· Ein god skulekvardag for elevar og vaksne.
· Fritidstilbod til alle unge i Sula.



· Sula skal vere ein JA kommune for næringsliv og innbyggjarar.
· Bærekraftig politikk for trygge arbeidsplassar og auka aktivitet.



Samferdsel.
· Sula treng meir enn ein veg ut i omverda. (Borgundfjord- og Veddemarkstunnelen)
· Trygging av det lokale vegnettet.



Fremskrittspartiet
– mer frihet



Vi kjemper for lågare kommunale skattar og avgifter!

Avlaupsreinseanlegget i Kongshaugen. Sula Frp meiner at dette blir for dyrt for innbyggjarane på Sula. Gebyra på dei kommunale tenestene vil gå i taket. Sula FrP har foreslått fleire gongar å utgreie alternativ , og vi har ikkje gitt opp den kampen. Om Ålesund t.d. skulle velgje å trekkje seg frå samarbeidet, så står Sula igjen på bar

bakke. Vi skuldar innbyggjarane å snu alle steinar, for å finne rimelegare alternativ. Vi meiner kommunen må sjå på kortreiste løysingar både for ytre og indre Sula, då blant anna røyrleidningar og pumpekostnadane for å samle alt på ein plass, blir svært høge. Det finst også ny reinseteknologi som kan gjere det rimelegare både med nybygg og oppgraderingar. Vi må få kontroll på dei galoperande gebyra på dei kommunale tenestene.

Vi skal sørge for at eigeomsskatten i Sula ikkje blir auka, men heller blir fjerna. Dette er ein urettferdig skatt, som ikkje tek omsyn til betalingsevna til kvar enkelt. Det vil alltid gå verst ut over dei einslege, svakast stilte, pensjonistane og dei nyetablerte med barn.



—mer frihet



Få kontroll på Kommuneøkonomien. Dette heng saman med all god drift. Vi kan dessverre ikkje seia ja til alt, vi må evne å seie nei til enkelte ting inn i mellom. Dette handlar om styring. Sula Frp har tatt kontroll tidlegare og vi er klar for å gjere det igjen.

Retten til individet. Meir innverknad og ein enklare kvardag for folk flest, mindre byråkrati og meir service for folket. Vi har sett gong på gong at innbyggjarane ikkje blir tatt med på råd, og får beskjed via media om kva som skal skje med eigedommen eller i nabolaget. Vi ønsker å setje innbyggjarane i sentrum, og setje krav til informasjon om kva som gjeld kvar enkelt. Sula skal bli ein JA kommune både for innbyggjarane og næringlivet om vi får bestemme.



Vi vil auke kapasiteten innan Helse og Omsorg.

Helse og omsorgstenesta. Eldrebølgja er her, og vi treng eit betre tilbod. Sulatunet må få auka kapasitet, og det må difor byggjast ut fleire plassar. Eit "Helsehus" med ny korttids-

avdeling og nytt kjøkken i tilknytning til Sulatunet kan løyse noko av behova. Vi vil samle og utvikle tenestene i og rundt dei einingane vi har. Vi vil og få på plass ein aktivtør for dei eldre og demente på Sulatunet. Psykiatritenesta må få ei god løysing med nye lokale. Det er sett av eit stort utbyggingsområde ved Nausthaugen, og her meiner vi det bl.a. bør byggjast seniorboliger i nært samarbeid med private utbyggjarar.

Barn og Unge.

Det skal framleis vere full barnehagedekning og fritt barnehageval i Sula. Vi vil ha fleire vaksne hender inn i barnehage og skule.



Nei til mobbing. Alle skal føle seg trygge og bli sett, både på veg til/frå skulen, på barnehage/skule/sfo og i fritida. Barn med særskilde behov skal få den hjelp og tilrettelegging dei treng. Nivået på undervisninga bør vere tilpassa behovet til kvar enkelt elev. Alle barn og unge skal ha tilbod og moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar.



Samferdsel.
· Sula treng meir enn ein veg ut i omverda. (Borgundfjord- og Veddemarkstunnelen)
· Trygging av det lokale vegnettet.

Samferdsel - Trygge vegar- Gondol. FrP krev at Veibuskrysset må byggjast straks, og at dei andre farlege kryssa og vegstrekningane på Sula vert utbetra og gjort tryggare. Skulevegane på Sula må bli tryggare å ferdast på for barn og unge. Parkeringsarealet på Lerheimkaia må utvidast. Sula treng å få på plass eit alternativt vegsamband ut av kommunen snarast mogleg, og då er Borgundfjord- og Veddemarkstunnelen løysinga. Dette minkar køproblema vi har, betrar beredskapen og får ned trafikken gjennom Mauseidvåg og Fiskarstranda. Prioritering: Alt.1. FrP vil arbeide aktivt for å få vegsambandet Eikrem-Vedde-Gåseidvika inn på NTP, og at det slik kan byggjast utan bompengar. Alt.2. FrP støttar Bytunnelen AS sitt arbeid med å byggje dette som eit privat vegsamband med bompengar, men då med innkreving kun på sjølve fjordkryssinga.

Sula FrP er positivt innstilt til planane om gondolbane, men ikkje til ein kvar pris. Dei berørte eigeommane skal ha full erstatning frå FG. Vi meiner elles at gondolen vil trygge eksisterande arbeidsplassar og skape nye, og at den vil gi alle innbyggjarar moglegheit til å kome seg på fjellet.